

---

Saksnr: 2021/26751-1  
Saksbehandlar Edit Marie Asperanden  
Dato: 02.07.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for opplæring og kompetanse

---

**Frå:** Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse

---

Nytt for skuleåret 2021/22

### **Om stortingsvalet 2021**

#### **Skulevalet blir gjennomført 06. og 07. september.**

I tidsrommet 23.08 - 07.09 gjennomfører dei vidaregåande skulane i Vestland debattmøte og valtorg, og alle elevane på skulen skal få høve til å delta på desse.

På bakgrunn av erfaringar og tilbakemeldingar frå ungdomspartia, Elevorganisasjonen og LNU har Utdanningsdirektoratet utarbeidd eit opplegg for korleis skulane kan handsame debatt og valtorg. [Sjå gjennomføring av skuleval.](#)

### **Om korona**

Det er viktig at barn og unge får vere mest mogleg på skulen. Skular følgjer grønt nivå i trafikklysmodellen, med mindre lokale helsemyndigheiter bestemmer at det skal vere gult tiltaksnivå. Dette gjeld for område med mykje smitte. Gult tiltaksnivå skal ikkje nyttast som førebyggjande tiltak.

Skular må ha beredskapsplanar for å skifte til gult og raudt nivå. [Sjå beredskapsplanar for skuleeigarar.](#)

#### **Testing kan erstatte karantene for elevar**

Frå 16. august 2021 kan testing erstatte smittekarantene. Dette gjeld for personar under 18 år og for elevar over 18 år på vidaregåande skule. Dersom ein person får påvist korona, kan elevar som er nærkontakt, teste seg i staden for å gå i karantene. Personar som den smitta bur saman med, eller andre tilsvarande nære kontaktar, må framleis gå i karantene.

#### **Elevar i risikograppa**

Elevar som må vere heime på grunn av sjukdom, karantene eller er i risikograppa, har krav på å få opplæring heime. Dette gjeld også på grønt nivå. [Les meir om når elevane har krav på opplæring heime.](#)

#### **Unntak frå fråværsreglane er forlenga til ut september**

Elevar som har fråvær av helsegrunnar, skal sleppe å gå til fastlegen for å få dokumentert fråværet. Unntaket frå regelverket gjeld ut september 2021. Elevar under 18 år må likevel legge fram stadfesting frå ein forelder, medan myndige elevar kan legge fram eigenmelding.

Fråvær av helsegrunner omfattar alt helserelatert fråvær, blant anna sjukdom og skade, karantene eller isolasjon samt milde luftvegssymptom og sjukdomskjensle.

## **Om vidaregåande opplæring**

### **Kompetansepakke om skulemiljø**

Utdanningsdirektoratet publiserer dei to første modulane av kompetansepakka om skulemiljø i slutten av august. Fram mot desember blir dei fem siste modulane publisert. Kompetansepakka skal medverke til ei kollektiv kompetanseheving om skulemiljø, og gir støtte til å reflektere over eigen praksis. [Sjå meir informasjon om kompetansepakka.](#)

### **Fagfornyinga**

For skuleåret 2021-22 vil alle trinn unnateke vg3 ta i bruk nye læreplanar. På yrkesfag skal læreplanane for vg3 brukas i yrkesfagleg fordjuping på vg1 og vg2.

### **Endringar i eksamen etter nye læreplanar**

Elevar skal gjennomføre sentralt gitte eksamenar etter nye læreplanar (LK20) i nytt digitalt system. For 10. trinn og vg2 er første eksamen i det nye systemet våren 2022.